

Saman gjer vi det betre – i Volda

Stao pao ... tenk stort! Slik var beskjeden frå samfunnsentreprenør sogndølen Rolf Navarsete etter sitt besøk i Volda i samband med presentasjon av Volda Campus Arena til Voldaborgarane i november 2016.


For å skape store ting handlar det om å få alle gode krefter til å arbeide saman – Entusiasme og engasjement er nøkkelord for å lukkast og har vore suksessfaktorene for VCA-prosjektet frå initiativet kom i 2016.

VCA utløyer store synergieffektar for Voldasamfunnet.

For ordens skuld synergieffektar tyder: Meireffekt ved at to eller fleire tiltak til saman gjev større og betre resultat enn summen av tiltaka kvar for seg.

Vi er glad for at vi hadde politikarar i rolla som samfunnsutviklarar, som såg moglegheitene og verdiane som kunne skapast, og viste mot til å fatte vedtak som gjorde at prosjektet kunne realiserast.

Vi vil her bidra til å få fram fakta omkring den finansielle konstruksjonen til VCA, slik at nye Volda-politikarar og innbyggjarar skal få innblikk i korleis VCA no vert realisert, eit prosjekt med samla budsjettert investeringskostnad på kr 249.937.609,- rundt rekna kr 250 mill inkl. mva. - ein kvart milliard.



* Forslag til romplan på eit Voldabad som er samanbygt med VCA.

Investeringskostnad

Volda kommune sin andel av den samla investeringskostnaden på Jopllassen/VCA er totalt kr 78.297.667,- (av kr. 250 mill)

Av dette utgjer:

- Parkeringsseksjonen kr. 21,5 mill
- Tomtekostnad kr 10 mill.
- Infrastruktur for område inkl Symjehall og Mediebygg kr 16,8 mill
- Tilskot til idrettshallen 30 mill.

Ved evt avhending av parkeringsseksjonen bør det vere fullt mogleg å oppnå realisasjonsverdi tilsvarande kostpris inkl. tomteverdi på kr. 31,5 mill.

Det øvrige vert finansiert slik:

- Staten yter ca 75,8 mill gjennom:
- Mva-refusjon 48 mill
- Spelemidlar 27,8 mill

VCA AS:

- Eigenkapital - gavemidlar kr 10,3 mill.
- lån kr 95 mill.

Totale reknestykke for investeringskostnad Volda Campus Arena ser altså slik ut:

| | |
|---------------------|----------------|
| Investeringskostnad | kr. 250 mill |
| Volda kommune | kr. 78,3 mill |
| Staten | kr. 75,8 mill |
| VCA AS | kr. 105,3 mill |

Det vil seie at Volda kommune står for i underkant 1/3

av investeringa på Jopllassen i 2019/2020 gjennom VCA-prosjektet.

Driftskostnad

Hallen skal driftast år for år og har eit samla driftsbudsjett på ca. kr. 10 mill. inkl. finanskostnader. Dagtid er Volda kommune leigetakar for barne- og ungdomsskulen, og Møre og Romsdal Fylkeskommune er leigetakar for vidaregåande skule. Kveldstid er det idretten og dels Volda Kommune som er leigetakar.

Volda kommune sin kostnad for leigeavtalen er kr 3.35 mill pr. år.

Om ein reknar finanskostnaden for sjølve hallbidraget på kr. 30 mill er dette pt. kr 360.000,- ved låneopptak i Kommunalbanken, med rente pt. 1,2%.

Om ein reknar lineær avskrivningstid på 40 år på investeringsandelen på kr. 30 mill til VK, må ein legge til kr 750.000,- pr år.

Med finanskostnad på ca kr. 1,1 mill pr. år og kr. 3.35 mill i årleg leigepreis er kostnaden pr år for Volda kommune 4.45 mill.

Møre og Romsdal Fylkeskommune betalar 2.94 mill pr. år.

Til samanlikning: I henhold til Ørsta kommune si saksutgreiing så belastar Ørstahallen Ørsta kommune samla ca. 10-11 mill pr år inkl. drifts- og finanskostnader.

Totale reknestykke for driftskostnaden til Volda Campus Arena ser altså slik ut:

Total driftkostnad

| |
|--|
| kr. 10 mill. |
| Volda kommune kr 4,45 mill |
| Møre og Romsdal fylkeskommune kr. 2,94 mill |
| VCA AS kr. 2,7 mill. |

VCA AS har etablert faste leigeavtaler med Volda Handballklubb og Volda Volleyballklubb og samarbeidsavtale med Sparebank1 Søre Sunnmøre, til samla verdi på kr. 1,35 mill. Dei øvrige driftsinnsettene til VCA AS skal skapast gjennom aktivitetar og arrangement som arenaen gir moglegheit for.

Status og vegen vidare

VCA er no om lag 6 mnd unna målstrukten, og vi vil halde oss godt innanfor avsett økonomiske ramme om ikkje noko heilt spesielt skulle skje.

Vi har vore med på ein dynamisk og effektiv prosess i prosjektet der kompetansen og entusiasmen har gått hand i hand. Det gjev resultat.

Sivilarkitekt Stefan Ekberg, prosjektleiar for VCA AS Knut Gulbrandsen og prosjektleiar for Volda kommune Pål Are Vadstein, har gjort ein fantastisk jobb som har sikra eit unikt produkt og



* Anita Kragset fotografert under debatten på folkemøte for Voldafolkebad.



* Johnny Kragset.

framifrå prosjektstyring.

Alle politikarar som plasserte den siste ballen i mål for VCA AS og avgjorde dette ein maikveld i 2019 kan sove godt om natta, i alle høve for det valet.

Administrasjon eller politikarar som seier ein ikkje kan investere eller satse vidare i Volda, bør ikkje skulde på at det økonomiske fundamentet til Volda kommune er svekka pga investeringskostnaden og driftsutgiftene for Volda Campus Sparebank1 Arena.

”

Synergieffekt ved at to eller fleire tiltak til saman gjev større og betre resultat enn summen av tiltaka kvar for seg.

Anita og Johnny Kragset

drag frå Volda kommune sett på kva eit slik symjeanlegg bør innehalde for at ein skal oppnå gode synergieffektar og best mogleg økonomi i eit lengre perspektiv. Forslaget som er lagt fram av stiftinga Voldabadet er ein minimumsløysing av det Asplan Viak tilrår. Eit slikt symjeanlegg skal stå i fleire tiår. Lat oss nytte tomte og den unike moglegheta for synergieffektar som er der, med høgskulen og alt av skuletilbod like utanfor inngangspartiet. Voldabadet har skissert eit framtidsretta

symjeanlegg og folkebad som vil verte til nytte og glede for alle - ope for alle.

Etter vår meining er Voldabadet si skisse det rette valet for framtida - det vil stimulere til vekst og utvikling i Volda

Johnny og Anita Kragset



* Voldabadet slik Voldabadet AS og arkitekt Stefan Ekberg har kome med forslag om.